

KYRKJEBLAD

53. årg.

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 5/99

LES I KYRKJEBLADET

Bymisjonsleiar i Bergen,
Leif Jarle Theis har skrive
andakt.

Side 3.

Sjå glimt frå Dalastemnet
som måtte vera i Flatekval
kyrkje.

Side 5.

Gunvor Bjørsvik kjem
med fleire glimt frå Kina
under tittelen "Når Gud
griper inn".

Side 6 og 7.

Glimt frå Farne tider,
og litt om Søndagsskulens
dag 1999.

Side 8.

I september tek eit nytt
Alpha-kurs til på Dale,
sjå meir inne i bladet.

Side 9.

Kyrkjekonsert i Dale
kyrkje 5. september og i
Vaksdal kyrkje
25. september, sjå omtale
inne i bladet.

Side 11.



Foto: Fotograf Sjøvoll

"SUKSESS TIL GUDS ÆRE"

Under tittelen "Suksess til Guds ære" skriv Olav Indvær frå Modalen glimt frå OASE-stemnet som samla fleire tusen menneske frå heile landet, og nokre gjester frå utlandet, i Bergenshallen 20. – 25. juli 1999.

- Ein av dei som var med som talar, var biskop Ole Hagesæther. Han talte på gudstenesta søndag 25. juli. Å sjå omlag 4000 menneske til gudsteneste og nattverd, var ei stor oppleving.

Side 4 kan de lesa og sjå meir frå dette stemnet.

STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome redaktøren i hende innan 15. september 1999. Bladet kjem ut i veke 41 som byrjar med 11. oktober.

Ragnvald

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.
Prestane har teieplikt.

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3
5721 Dalekvam
Tlf. 56 59 61 20
Fax 56 59 89 46

Kontortid: Tysdag og torsdag kl. 09.00-13.30, onsdag kl. 10.30-13.30

Sokneprest Frode Kvamsøe

Tlf. kontor 56 59 61 20
Tlf. privat 56 59 73 15

Kapellan Bård-Egil Dyrhol

Tlf. kontor og privat 56 59 70 88
Mobiltlf. 94 55 12 87

Kyrkjevevje Svein Tøsse,

Heradshuset 4. etasje
Tlf. kontor 56 59 44 54
Mobiltlf. 94 55 12 86

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal
Bladpengar: kr. 100,-
Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. mm.
Postgiro: 0808 57 23 4 73
Bankgiro: 3500.50.13 117

Bladstyarar:

Ragnvald Kringlebotten,
5724 Stanghelle. Tlf. 56 59 51 81.

Kasserar:

Elisabeth Dyrhol,
Vaksdalgarden 10, 5725 Vaksdal.
Tlf. 56 59 70 88

Eksp. og trykk:

Øystese Trykkeri A/S, Boks 34
5604 Øystese. Tlf. 56 55 50 45.
Retur til: Kyrkjekontoret for Vaksdal,
Pb. 113, 5721 Dalekvam.

"MEN KVEN SKAL EG SNAKKA MED?" KAN DU LYTTA?

Kirkens SOS startar nytt innføringskurs for frivillige medarbeidarar. Kurset startar måndag 27. september. Siste søknadsfrist er 10. september.

Me tilbyr ei ryddig teneste med støtte og vegleiiing så lenge du er i tenesta.

Du må vera over 22 år, og du må kunna lytta meir enn du snakkar sjølv. Dersom innringjaren bed om det, må du kunna be ei bøn.

Velkomen til eit godt medarbeidarmiljø og ei utfordrande og meningsfull teneste!

Ring
Kirkens SOS
tlf. 55 32 58 45
på dagtid.

KIRKENS
SOS
DØGNOPE
815 33 300

KYRKJESTADEN

DALE 100 ÅR

Jubileumsskrift

Boka er innbunde, med mykje biletstoff både i svart/kvit og i fargar og er til sals for:

kr. 100,-

hjá Petersen & Ypsøy
og på Kyrkjekontoret.

Boka kan tingast frå
Kyrkjekontoret, Boks 113,
5280 Dalekvam .
Tlf. 56 59 61 20



**Takk for
støtta**

Kirkens Bymisjon i Bergen (KBB) er svært glad for den støtta Bymisjonen får frå kyrkjelydane i Bjørgvin.

Bymisjonen opplever at dei er omslutta av forbøn for omsorgsarbeidet som vert drive på vegne av alle kyrkjelydane – også dei utanfor Bergen kommune.

Menneska Bymisjonen møter kjem frå heile Bjørgvin.

"Jeg var nær ved å snuble"

"Jeg var nær ved å snuble, mine føtter holdt på å gli ut. Så lenge mitt sinn var bittert, og jeg kjente at det stakk i hjertet, var jeg uforstandig.

For meg er det godt å være nær Gud."

Salme 73

Familien ble ikke ferdig med et arveoppgjør. Nå var rettsaken rett rundt hjørnet og alle visste at i denne striden var det bare tapere. Men ingen gav seg. Ingen viste vilje til forsoning. Alle mente de hadde rettmessige krav i boet og at de andre beriket seg på deres bekostning. Bror stod mot søster, og familiefreden var nå blitt en familiefeide som la mennesker øde. Deres sinn var blitt bittert og det stakk i hjertet.

Bitterhetens bror er hatet og bitterhetens søster er misunnelse – dets frukt er tomhet.

Det er mange mennesker som kan ha grunn til å være skuffet. De føler seg krenket og foraktet, og fratatt verdighet av personer som skulle være støttende og hjelpende. Andre opplever sorg over tap og føler seg sviktet av Gud.

Bibelen advarer mot bitterhet, for bitterheten bryter ned menneskets evne til å glede seg over livet. Salmisten beskriver sin kamp mot bitterheten med ord som jeg tror mange mennesker kjenner seg igjen i. *"Jeg var nær ved å snuble, mine føtter holdt på å gli ut."*

Kampen mot bitterheten er ikke en kamp for rettferdighet – for verden er ikke rettferdig -, men en kamp for egen verdighet.

Salmisten finner seg vei ut av bitterhetens snare, og sier: *"For meg er det godt å være nær Gud."*

Å være nær Gud er å se seg selv som elsket av Gud og å hvile i Guds nåde. Og den som hviler i Guds nåde, berger sitt liv og beholder sin verdighet.

I byen er det mange som snubler inn i bitterhetens snare.

Vår bønn for Kirken er at mennesker som lever med nedtrukne rullegardiner og som skjuler seg bak mørke solbriller, en dag skal se lyset, Jesus Kristus, fordi noen – i Jesu navn – gav dem verdigheten tilbake.

**Leif Jarle Theis,
Bymisjonsleder i Bergen.**

HVORDAN HAR DU DET
egentlig?



Kirkens SOS 815 33 300

OASE –99 – "Suksess til Guds ære!"

I arrangements komiteen var vi på førehand noko spente. Ville det kome mange på Oase, eller ville Bergen sitt "regnrykte" få mange til å feriera andre stader? Dessutan er opplandet austpå meir folkerikt, der er ca. 2 mill. innan same radius som det bur 600.000 menneske på her vest.

Spent kom eg til første møte i Bergenshallen. Eg hadde rekna med ca. 1.500 menneske den fyrste kvelden, og vart rørt til tårer når eg kom. Hallen var nær full, ca. 3.700 menneske den fyrste kvelden!

Det var fantastisk. Seinare i veka berre auka dette. På fredags- og laurdagsmøtet var det ca. 5.000.

På Barne- og Junior-Oase var det fullt. Førehandsmelding var nødvendig for å få plass i desse gruppene.

Det renn meg i hu: "Vær ikke bekymret". Så var det heile i Guds hand også denne gongen. Oase ynskjer å vera til inspirasjon og fornying, og alt tyder på at denne målsetjinga vart nådd. Spesielt frisk var Mike Pilavatchi si forkynning på Ten-Oase. Dei som var med der vil nok hugse han.

Mange positive reaksjonar understrekar at Oase-stemnet framleis har si store oppgåve i vårt land. Kristenlivet i Noreg treng inspirasjon. No er det berre og vona at den enkelte som kjem heim med sine nye tankar og nytt mot vert møtt med glede og velvilje.

Kassettar med talar kan bli ei god hjelp for å halde oppe inspirasjonen og innvie andre som ikkje hadde høve å vera med denne gongen. Neste landsstemne for Oase vert i Oslo 12.-16. juli 2000.

Olav Indvær

Ps.

Me rettar stor takk til Olav Indvær frå Modalen for dette stykket.

Talarar var: Audun Aase sokneprest i Samnanger, Knut Ytterdahl, Frelsesarmeen, Mike Pilavatchi, England, Aril Edvardsen, Sarons Dal, Kari Foss, leiar i Oase og Ole D. Hagesæther, biskop. Desse talane kan de få på kassett ved å ringja til Bok og Media tlf. 22 42 39 10.

Red.



Mike Pilavatchi frå England var eit friskt pust på Oase-stemnet.

Foto: Dagen



Her er tre av dei mange tusen på Oase 1999.

Foto: Dagen

Dalastemnet 1999

I fjor ble tradisjonen med å arrangere Dalastevne på fjellet mellom Modalen og Eksingedalen gjenopptatt – etter at det hadde vært en årelang pause.


I år møtte det folk fra Modalen, Eksingedalen, Voss og Vaksdal. For dem som møtte hovedsaklig for fjellturens skyld, ble det nok en skuffelse, for været satte nok en stopper for et fri-luftsarrangement.

Men det ble en fin samling i kirken på Flatekval, der kapellan Bård-Egil Dyrhol forrettet. God plass var det i kirkerommet, men det ble heller trangt i sakrestiet – når man skulle nyte den medbrakte nisten.

Svært interessant ble det også, for en av veteranene – Bjarne Farestveit, til venstre øverst, – hadde mye å fortelle fra tidligere stevner.

"Tredje gangen gjelder det" – sies det – og derfor: Neste år – år 2000 – Eksingedøler, Modøl-inger og andre – la det bli en kjempeflokk som samles til fjells!

Tekst og foto: Margith Johnsen



"Når Gud griper inn!"

Hvordan ble du en kristen? Min mann, som var på utstasjons-tur til en av de to menighetene som lå ved foten av det høie, flotte Shen-san fjellet, satt i samtale med gamle-evangelisten, Shen Bo-sau. Et blikk ut gjennom vinduet, og de hadde et vakkert utsyn mot den høie fjelltoppen, hvor der både var tempel og en fastboende munk.

Gamle-evangelisten var straks klar for svar, og skrivesakene kom frem. Det blev en lang historie, som her bare kan fortelles i enkle ord. Men først litt om hvordan han var, da vi første gang møtte han. Da hadde han vært evangelist i mange, mange år. –Det var noe eget med han, høireist og myndig, lederen blant evangelistene, høvdingen i bygdene omkring, og den som vanlige folk henvente sig til når de trengte hjelp i vanskelige saker. Satte sig godt inn i sakene, fant en løsning. Han hadde gått flere år på datidens skole, og var vel hjemme i Konfucius og Vismennenes skrifter. En lærd, klok mann.

Så til samtalen med min mann, og svaret på spørsmålet, "Hvordan ble du en kristen?" Han vokste opp der i bygden, og ble tidlig en ivrig avgudstilbeder. Det var særlig 5 avguder som han hadde valgt sig ut. Han gikk flittig til templer. Han gikk også 8 år på rad til et stort tempel i syd-China, og så bestemte han sig for å bli munk. Når han var gift, hadde fått en sønn, og fylte 30 år, skulle han forlate hjemmet, gå til templet og bli munk. Fra bygden der han bodde og ned til Tsefloden, var det et godt stykke å gå. På den andre siden av floden, lå Tung Ping by. Der hadde



På bildet er jeg sammen med datter til Shen Bo-sau til venstre, og hennes mann og datter.

Foto: Dordi Eggen

Det Norske Misjons-selskap begynte misjonsarbeide i 1907. Der var kirke, misjonsstasjon, barneskole og poliklinikk. Der var mange menigheter i byen langs floden og innover landet. Der var også kristne i bygdene der han bodde, men det var ingen menighet, så de kristne gikk hver søndag til Gudstjeneste Tung Ping.

De kristne kjente godt til Shen-Bo-sau's innstilling. De bad for han, og var ivrige i sin formaning. Han likte godt å diskutere med dem. Sette dem fast i spørsmål. Han var lærd. De var enfoldige i sin tro. Han "ringeaktet Evangeliet, spottet (hans egne ord)." Så var han blitt 29 år. Tiden nærmet sig til at han skulle dra avsted. Han var gift, "hadde fått en sønn"

(på det tidspunktet hadde han sikkert flere barn) og alt var klart. Når dagen kom, skulle han dra. De kristne holdt ut i sin bønn og formaning. Men så måtte han ta en tur til Tung Ping by. Skulle ordne med noen penger. Portneren på misjonsstasjonen, var en kristen fra Shen Bo-sau's bygd, så han overnattet hos han. Da portneren blev en kristen, forandret han "tegnene" i fornavnet sitt til "en som holder sig nær Herren." Portneren var klar over situasjonen med Shen. Han bad for han, og formante han. Men Shen stod på sitt. Sønnen kunne få bli en kristen, og få gå på kristen skole. Men han vilde stå på sitt.

På veien hjem fikk han ondt i den ene foten, og strevet med å gå

hjem. Han blev liggende syk. Så en natt (etter vår tidsrekning) 20. mai 1914, hørte han en røst som tydelig og klart ropte på han. Han så sig omkring, men så ingen. Han forsøkte å stå opp, men det var noe som trykket han tilbake. Røsten fortsatte å tale til han, minne han om ting han hadde gjort, og ikke gjort. Han skulde omvende sig og tro, så skulde han få tilgivelse. Han begynte å undre sig på hvor røsten kom fra. Han tenkte på de 5 avgudene. Hadde han glemt noe. Han tenkte igjennom en for en. Nei, alt var oppfylt. Som et lys gikk det opp for han at det måtte at det måtte være Jesus som hadde talt til han. For han trodde på alt, også på den høieste Gud, bare ikke på Jesus, som han hadde spottet.

Da dette gikk opp for han, bad han til Jesus for første gang at Jesus måtte tilgi hans synd. Med det samme han begynte å be, strømmet tårene nedover kinne. Han kunne ikke forklare hvorfor. Nu prøvde han å reise sig, og det var ingen ting som holdt han tilbake. Mor hans kom inn mens han satt og gråt, og mens tårene fortsatt rant, fortalte han hvad han

hadde opplevet, og sa at han ikke vilde dra til templet, men bli en kristen. Moren var en ivrig avgudsdyrker, men var allikevel glad for at han ikke vilde dra til templet. Hun sa bare: "Du blir ikke munk. Du kan være hjemme og tro på den utenlandske religionen."

De kristne blev "overmåte" glade da de hørte hva som hadde hendt og snakket om at nu måtte han bli med dem ut til Tung Ping, melde sig som katekumen, og bli døpt. Men hvordan kunne det skje. Han hadde Malaria og foten var svært vond. Han vilde tro, men kunne ikke gå til Tung Ping. De trøstet og oppmuntret han, at "når Gud hadde kalt han, vilde han hjelpe han å gå." Så enkel og sterk var deres tro. "De bad for han. Tiden gikk. Det var bare en dag til søndag. Og han var ikke bedre. –Om natte hadde han enda en drøm. –Han satt i døråpningen. Der kom en mann i skinnende hvite klær. Han stanset i døråpningen og så på han. "Er du ikke bra i foten?" "Nei".

Mannen tok tak i foten hans ved ankelen. Med det samme kjente Shen at det rykte i senene

like opp under armen. Mannen snudde sig og gikk. Shen våknet. Undres på om han hadde drømt? Han kjente etter. Han var helt frisk.


Søndag gikk han til kirken i Tung Ping, sammen med de kristne, og meldte sig til katekumenundervisning og dåp. Han tok et nytt navn. Shen Bo-sau. Shen, som vandrer i Jesu fotspor. Og han viet sitt liv i Herrens tjeneste.

Gud hadde hørt de kristnes bønner, og grepet inn. Tanken går til Salme 20,2 og 3. "Herren bønnhøre dig--- Han sende dig hjelp fra Helligdommen, og støtte dig fra Sion. Les også Johs. Åp. 5,8 og 8,3-4 om "gullskåler og bønner". La oss flittig bruke vår bønnerett, men legge til som Jesus – "skje din vilje." Og så til slutt Rom. 8,32. "Han som ikke sparte sin egen sønn, men gav han for oss alle, hvordan skal han kunne annet enn gi oss alle ting ved Han?"

Sagt om Jesu navn: "Når jeg det fatt i bønnen får, straks himlen åpen for mig står."

Guds fred og velsignelse.

Gunvor Bjørsvik



Interiør fra Tung Ping kirke. De øverste tegn "Ære være Gud". I midten "Herren er i sitt hellige Tempel, stille for ham alle jorden". Nederst er 12 rammer med de 10 bud og "Fader vår". På stolpene: Salmenummer og teksten

FRÅ FARNE TIDER



Denne gongen tek med eit foto frå kyrkjeblad nr. 5, september 1980 som syner søndagsskuleborn og leiarar i Øvre Eksingedalen.

Søndagsskulens Dag 1999



Søndag 5. september vert Søndagsskulens Dag 1999 skipa til på Vaksdal. Det heile tek til med familiegudsteneste i Vaksdal kyrkje kl. 11. Det er krinssekretær Nils Arne Lavik som skal tala.

Etter gudstenesta vert det matøkt er ein kan nyta medbrakt mat. Drikka får ein kjøpa.

Elles vert det lagt opp til litt aktivitetar og ei samling på ettermiddagstid.

Så me oppmodar alle som har høve å finna vegen til Vaksdal denne søndagen.

Til høgre glimt frå i fjor.

Arkivfoto: Magne Solhaug



LEIRAR

Kvamsæter:

Ten-misjonshelg:

17.-19.09 - 13-19 år.

Hautleir:

8.-10.10 - 5.-8. kl.

Adventsleir:

3.-5. desember - 3.-5. kl.

Hautferie:

9.-12. september- For vaksne

Alværa:

Sport(y)-leir:

4.-7. oktober 5.-7. kl.

Hautleir:

22.-24. 10. - 2.-4. kl.

Nettverksleir:

30.8-3.9 - 18-30 år.

Hautveke:

30.8-3.9 - For vaksne
(påmeld. Alværa: 57 71 18 20).

For info. Og pris:

NMS,

Vestre Murlam. 15,

5011 Bergen.

Tlf. 55 31 00 61.

Meining om radio- og TV- program.

Har de reaksjonar på radio- og TV-program, positive eller negative kan du ringja til **Kristeleg Kringkastingslag (KKL)** på telefon 22 42 21 20.

NYTT *Alpha-* *-kurs* startar 28.september I Dale bedehus

Søker du eit fellesskap der du kan bli betre kjent med den kristne trua, få nye vener og samtala om dei viktige spørsmåla i livet ditt?

Kan henda skulle du tenkja på å melda deg på *Alpha-kurs* som startar tysdag 28.september. Kurset går over 10 veker, ein kveld i veka, og det er lagt inn ein week-end (fredag 5. og laurdag 6.november.)

Kurskveldane startar med felles kveldsmat, så kjem ein tale over tema for kvelden, og til sist er det samtale i grupper.

Alpha-kurs er ope for alle – uansett kva syn ein har på den kristne trua og kva for kyrkjelyd ein høyrer til. Samlingane er i Dale bedehus, og det er prestane og representantar for Indremisjonen som er talarar.

Dale og Vaksdal sokneråd, Dale og Stanghelle Indremisjon står som arrangørar av kurset.


PÅMELDING TIL KURSET innan torsdag 23.september

til Kyrkjekontoret

for Vaksdal

Postboks 113, 5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 61 20



PÅMELDING TIL *Alpha-kurs* Hausten 1999

Eg melder meg med dette på til kurset som startar tysdag 28.09 kl. 19.00 i Dale Bedehus.

Namn: _____

Adr. _____

Tlf. _____

Sendast til:

Kyrkjekontoret for Vaksdal,
Fabrikkvegen 3,
Postboks 113, 5721 Dalekvam
innan torsdag 23.september.

For mykje vold, seier fleirtalet

85% av det norske folk synest at det er for mykje vold på filmar som vert viste på kino.

Dette syner ei undersøking som Markeds- og Media-instituttet (MMI) har gjennomført for Statens filmtilsyn.

-Talet er eit varsku til heile film- og kinobransjen, seier direktør Tom Løland i Statens filmtilsyn, til Aftenposten.

-Dette er eit klårt uttrykk for at folk synest det er for mykje vold på film.

Undersøkjinga viser at det forskjell mellom unge og eldre, og mellom kvinner og menn. Men sjølv blandt dei mellom 18 og 24 år, er det eit klårt fleirtal, 71%, som seier seg heilt eller delvis einig i påstanden om at det er for mykje vold på film.

Alt i kjøkkeninnredning
Bad- og skyvedørsgarderobe
Snekkerverksted

**SNEKKER
KJELL NYSTED**

56 59 74 72

Mobil: 948 45 074

Trelast og byggevarer

 **DALE TRELAST** a/s

Tlf. 56 59 66 90 Faks 56 59 68 70

Dalegarden, 5722 Dalekvam



PETERSEN & YPSØY AS

Bokhandel - Gåver - Kiosk - Tipping

Tlf. 56 59 61 58

Kontormateriell - Leiker - Hobby - Foto

i 2. høgda Dale Handelsforening

tlf. 56 59 79 80



DALE HANDELSFORENING

avd. Dale 56 59 61 01

Avd. Stamnes 56 59 82 03

Avd. Stanghelle 56 59 50 35

Nye Dale
VERTONUS

Boks 12, 5721 DALEKVAM

Tlf. 56 59 40 40

Din lokale leverandør av snitter, koldtbord,
middag og pizza til alle anledninger.

joker
DALE

K. Seim A/S,

Boks 114,

5721 Dalekvam

tlf. 56 59 62 23

Faks. 56 59 67 61

Dei smarte sparar tid & peng.
Her kan du handle det du treng.



**SAMVIRKELAGET
INDRE VESTLAND**

Avd. Vaksdal Senter tlf. 56 59 75 01

Avd. Eksingedalen Tlf. 56 59 58 20

Velkomen til
Stambua kafe på Dale.

Du finn oss i 2. høgda i

Dale handelsforening.

Tlf. 56 59 60 90



Stambua^{AS}
HEIMELAGA MAT TIL KVARDAG OG FESE



SLEKTERS GANG

DØYPTE




DALE

- 11.07 June Seim Myklebust
- 14.08 Demi Marie Frantzvåg
- 15.08 Mari Dale Sellevold
- 15.08 Simone Johansen Sellevold
- 15.08 Silje Holmgaard Dale
- 15.08 Martin Tvetervås Terjesen

VAKSDAL

- 20.06 Tora Roe
- 04.07 Torbjørn Takvam Sæterdal,
døyppt i Takvam kapell



**VIGDE
STAMNES**

- 31.07 Magnhild Steinsland og
Jan Henning Balestrand

NESHEIM


- 31.07 Hjørdis Nese og
Glen Waldrof

DALE

- 14.08 Marit Laastad og
John Arne Frantzvåg

VAKSDAL

- 14.08 Jannicke Faugstad og
Stig Amundsen



AVLIDNE



DALE


- 22.06 Sigfrid Langhelle, f.1910
- 06.07 Wilhelmine Tysse, f.1901
- 10.07 Torleiv Rødland, f.1910
- 05.08 Sofie Breistein f.1904
- 07.08 Karsten Kvamme, f.1928
- 08.08 Magne Stokke, f.1915

VAKSDAL

- 23.06 Ola D. Farestveit, f.1926
- 28.06 Ingvald Herfindal, f.1904
- 15.07 Ingeborg Marie Tolås, f.1917

STAMNES

- 29.06 Kåre Aas, f.1920



**Konsert med
musikarar frå Estland**

Eit gregoriansk vokalensemble vitjar Noreg i slutten av september. Saman med organisten Ines Maidre vil dei halde konsert i Vaksdal kyrkje forutan Bergen Domkirke og Fana kyrkje. Musikken dei framfører, orgel-musikk alternert med gregoriansk song, er særst godt eigna til å verta framført i nettopp Vaksdal kyrkje. Gregoriansk musikk har røter langt tilbake i tid. Foran eit nytt årtusen kan dette vere med på å sette oss inn i perspektivet på kva det er me skal få vere med og oppleve om fire månadar.

Ines Maidre har ei lang merittliste som konsertorganist og akkompagnatør i Europa og i Russland. Ho er frå Estland, men held til i

Fana. Vokalensembelet vert leia av songaren, dirigenten og komponisten Toivo Tulev. Songarane er musikarar på høgt nivå som har konsertert rundt om i Europa som solistar og med ensemble.

Det er noko ganske unikt me vil få oppleve i Vaksdal kyrkje denne kveldsstunda. Ettersom ensemblet har sitt utspring frå liturgiske samanhengar har derfor programmet ein liturgisk struktur. Lat oss ikkje gå glipp av denne spesielle opplevinga.

Olav Arne Steinkopf

*"En halv himmel"
i Dale kyrkje*

Søndag 5. september er det duka for ei stor konsert-oppleving i Dale kyrkje.

Då er det trioen Maria Malmsten Steinkopf (song), Einar Steinkopf (gitar) og Truls Horvei (dikt) som vitjar Dale kyrkje. Saman har dei laga programmet "En halv himmel" der dei med dikt, sang og musikk formidlar tankar om tvil og tru. Musikken vi får høyre spenner frå religiøse folketonar til kjærleiksviser, Bach og nykomponert musikk.

Trioen har sitt daglege virke på Stord. Truls Horvei arbeidar som journalist i Haugesunds Avis. I Dale kyrkje vil han mellom anna formidla tekstar frå diktsamlinga "En halv himmel", ei samling utgitt i 1996 der tvilaren sitt skriftemål innleier det heile.

Einar Steinkopf og Maria Malmsten Steinkopf er båe utdanna ved Bergen Musikk-konservatorium. Dei har sitt virke som musikkpedagogar m.a. på Stord vidaregåande skole. I tillegg driv dei ei omfattande konsertverksemd.

Velkommen til ein intim kammerkonsert i Dale kyrkje sin frami frå akustikk!

Olav Arne Steinkopf

Returadr.:

Vaksdal kyrkjeblad

Postboks 113, 5721 Dalekvam

VELKOMEN TIL KYRKJE



5.september – 15.søndag etter pinse

VAKSDAL kl.11. Søndagsskulens dag.

N.A.Lavik og Kvamsøe. Offer til Bergen Søndagsskulekrets.

EIDSLAND kl.18. Kvamsøe.

Konfirmantpresentasjon. Offer til Fagertun leirstad.

DALE kl.19. Konsert. Song, musikk og dikt v/ Truls Horvei, Maria M. Steinkopf og Einar Steinkopf.

12.september – 16.søndag etter pinse

STAMNES kl.11. Dyrhol.. Offer til Norges KFUK/KFUM, Bjørgvin krets. Konfirmant-presentasjon

VAKSDAL kl.18.00 Dyrhol. Offer til Kyrkjelydsarbeidet. Konfirmant-presentasjon.

19.september – 17.søndag etter pinse

DALE kl.11. Dyrhol. Nattverd. Offer til Norsk Lærarakademi.

EKSINGEDALEN kl.11. Kvamsøe.

Laurdag 25.september

VAKSDAL kl.18. Konsert med vokalensemble frå Estland og organist Ines Maidre. Gregoriansk musikk.

26.september – 18.søndag etter pinse

VAKSDAL kl.11. Svein Rise frå NLA. Offer til Norsk Lærarakademi. Nattverd.

BERGSDALEN kl.11. Familie-gudstene. Kvamsøe. Offer til IKO - Institutt for Kristen Oppseding. Konfirmantpresentasjon.

3.oktober – 19.søndag etter pinse

DALE kl.11. Dyrhol. Offer til KFUK/KFUM.

STAMNES kl.17. Hausttakkefest.

Dyrhol. Utdeling av "Vener i kyrkja" Offer til Stamnes og Straume søndags-skular.

10.oktober – 20.søndag etter pinse

VAKSDAL kl.11. Hausttakkefest.

Dyrhol. Utdeling av "Vener i kyrkja".

NESHEIM kl.11. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

17.oktober – 21.søndag etter pinse

DALE kl.11. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Kirkens Nødhjelp. 50- og 60-års konfirmantar.

EIDSLAND kl.11. Dyrhol. Nattverd. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

VIKTIG MELDING!

Det er viktig at de ser etter i lokal-avisene og på plakatar for å kontrollera m.a. klokkeslett for gudstenestene.

Søndag 5.sept. kl.19.00

KONSERT I DALE KYRKJE

Song – gitar – dikt

Truls Horvei, Maria Malmsten Steinkopf og Einar Steinkopf

Laurdag 25.sept. kl.18.00

KONSERT

I VAKSDAL KYRKJE

Vokalensemble frå Estland

Organist Ines Maidre

Gregoriansk musikk

Foreldre og andre foresatte – sjå her!

Torsdag 26.august starta Vaksdal familiekor opp att etter sommarferien.

Øvingane vert no annankvar torsdag på Dale bedehus frå kl.17.30 til 19.00.

Vaksdal familiekor starta i januar i år med øvingar i Dale kyrkje. Anne Lise Vaksdal skal no vere dirigent. Olav Arne Steinkopf vert framleis med som pianist.

Vaksdal familiekor ynskjer å vere ein møtestad for småborns-familiar frå heile kommunen. Familiekolet er eit kristent kor, men ynskjer å halde ein låg terskel, slik at både kristne og ikkje kristne kan kjenne seg heime. På samlingane starter ein med å syngje saman. Då vert det både kjende og ukjende songar for store og små. Etterpå vert det ein sosial del, der ein har høve til å prate saman medan ein et kveldsmat. **Neste øving vert 16. september,** og så er det øving annan kvar torsdag fram til og med 11.des.. Alle interesserte born i fylgje med vaksne er hjarteleg velkomne.

Den som er interessert i å vera med eller treng meir informasjon kan ringja Kristi Kvamsøe på tlf. 56 59 73 15.